



11. – 13. september på Stalheim i Voss

Skjervheimseminaret 2026

KVA ER EIT MENNESKE?

Med dette spørsmålet vert årets seminar ei markering av at det er 100 år sidan filosofen Hans Skjervheim vart fødd, og 30 år sidan det første Skjervheimseminaret på Stalheim hotell. Kva var grunnspørsmåla Skjervheim var oppteken av innanfor samfunnsvitskapane, politikk og offentleg ordskifte, og kva aktualitet har desse spørsmåla i vår tid?

FREDAG 11. SEPTEMBER

Kl. 18.45 – 20.30

Opning og boklansering: Nyutgjeving av Hans Skjervheim sine mest kjende essay.

Andreas Holmedahl Hvidsten: Jakta på mennesket. Hans Skjervheim som essayist.

Ida Lødemel Tvedt: «Jeg tviler ikke for tvilens skyld, tror jeg!» Eit foredrag om essayet.

LAURDAG 12. SEPTEMBER

Kl. 09.00 – 12.00

Lena Lindgren: Kunstig krigsintelligens.

Kjetil Rommetveit: Digitale visjonar: hinsides instrumentalistiske mistak?

Lunsj og turmogelegheiter

Kl. 15.30 – 18.00

Utdeling av **Skjervheimprisen**

Jan Inge Sørbø: Om Hans Skjervheim sin aktualitet i sosialt arbeid.

Solrun Samnøy i samtale med **Birger Emanuelsen:**

Sårbarheit og livsfylde i barndom og alderdom.

Konsert med **Gabriels Novgorod**

Festmiddag

SØNDAG 13. SEPTEMBER

Kl. 09.00 – 12.00

«Strandasongen» ved **Ellen Marie Selland Geithung.**

Cathrine Holst: Positivismestriden i samfunnsvitskapane – frå Skjervheim til i dag.

Henrik Thune: Paradigmeskifte i diplomatiet og den nye verdspolitikken under Trump.

Oppsummerande kommentarar ved **Arne Johan Vetlesen.**

Lunsj og avreise

OM FØREDRAGSHALDARANE



Andreas Holmedal Hvidsten er statsvitar og førsteamanuensis ved MF vitenskapelige høyskole, og han er forfattar av fleire fagbøker. Han var òg redaktør av antologien *Arven etter Skjervheim. Nylesninger for vår tid* (2022). I foredraget sitt skal han snakka om Hans Skjervheim som essayist, og drøfta om den nysgjerrige humanismen hans framleis har noko å bidra med.




Ida Lødemel Tvedt er essayist, og er mellom anna kjend for essaysamlinga *Marianegropen* (2019). I ulike essayistiske format brukar ho filosofi, kunst og litteratur i rapportar frå stader og konflikhtar i vår eiga tid. I dette foredraget skal ho snakka om essayet som livsform, om sjangeren sitt nedslagsfelt og avgrensingar, og om jåleri, autoritet og radikalitet i essaytradisjonen.



Kjetil Rommetveit er professor i vitskapsteori ved Universitetet i Bergen. Forskinga hans handlar om forhold mellom teknologi, politikk og berekraft. I foredraget sitt vil han snakka om korleis digitale teknologiar pregar førestillingar om kollektiv framtid, og korleis dei dermed også er med på å definera politiske handlingsrom – eller mangel på slike. Han vil òg knyta dette opp til Skjervheims sitt omgrep *det instrumentalistiske mistaket*, og bruka det som utgangspunkt for ein diagnose av seinmoderne samfunn.



Lena Lindgren er journalist i Morgenbladet og forfattar av *Ekko* (2021), som er ei bok om dei psykologiske og samfunnsmessige effektane av sosiale medium og kunstig intelligens. I foredraget sitt vil ho snakka om den militære teknologien som dei amerikanske tek-gigantane innfører i våre sivile samfunn, og om kva moderne fredsarbeid fordrar av oss.



Jan Inge Sørbo er professor emeritus ved Høgskulen i Volda, og er litteraturvitar og forfattar, mellom anna av boka *Hans Skjervheim – ein intellektuell biografi* (2002). I foredraget sitt skal han snakka om korleis Skjervheims åtvaringar mot å objektivera mennesket viser seg i arbeid med sårbar menneske, både i helsevesen og sosialt arbeid. Skilnaden mellom å rekna med andre og rekna med andre er ikkje mindre aktuell i dag.



Birger Emanuelson er ein prisløna forfattar, og har mellom anna skrive romanen *Odyseen* (2025), der alderdom er eit sentralt tema. Han har òg skrive om barndom i sakprosa boka *Før de forsvinner. Et forsøk på å forstå hva barn er* (2024). I samtale med **Solrun Samnøy** vil Emanuelson utdjupa undringane sine omkring menneskelivet sine ulike fasar. Kva rom gir kulturen vår gir for livsutfalding og det særeigne i livets første og siste fase? Samnøy arbeider med forskning og undervisning ved lærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet.



Cathrine Holst er professor i vitskapsteori og demokrati ved Institutt for filosofi, idé- og kunst-historie og klassiske språk ved Universitetet i Oslo. Ho har doktorgrad frå Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen, og har vore redaktør i *Nytt Norsk Tidsskrift*. I foredraget sitt spør ho: Kva kjenneteikna positivismestriden i norsk samfunnsforskning på Skjervheim si tid? Kva føregår av vitskapsteoretisk debatt mellom samfunnsvitarar no? Finst det positivismestrid framleis, eller har dei rett som hevdar at «positivistane vann»?



Henrik Thune er utanrikspolitisk forskar, forfattar og mangeårig diplomat i Utanriksdepartementet (UD). Han var statssekretær frå 2021–24, først i UD, og deretter ved statsministerens kontor (SMK) med ansvar for utanriks- og forsvarspolitikk. Thune er no deltidstilsett ved NOREF senter for internasjonal konfliktløsning, der han tidlegare var direktør. I foredraget sitt skal han snakka om den nye verdspolitikken under Trump, som har ført med seg eit paradigmeskifte i internasjonalt diplomati. Han vil koma med eit blick frå innsida om konsekvensane dette har for diplomati og fredsarbeid.



Arne Johan Vetlesen er professor i filosofi ved Universitetet i Oslo. Han arbeider særleg med etikk, politisk teori og miljøfilosofi, har gitt ut 30 bøker og er ein aktiv samfunnsdebattant. Ved avslutninga av seminaret skal han koma med ei oppsummering om tematikkane som har vore diskuterte under seminaret, og trekkja opp nokre linjer frå etterkrigstida og fram til i dag kring seminartittelen *Kva er eit menneske?*

OM MUSIKARANE



Laurdag kveld vert det konsert med **Gabriels Novgorod** der vi får høyra originale tolkingar av hardtsvingande finsk humppa, jiddisk tango og lengselsfulle valsar, nordsvensk swing (med kossakktrinn) og lærerike songar på tysk av Bertold Brecht/Kurt Weill. Med innleving og temperament og kraftfull firstemt song framfører dei etnisk populærmusikk frå austersjøområdet på eit utal språk.

Gabriels Novgorod har hausta strålende kritikkar for korleis dei med sin særeigne og fengslande musikk engasjerer og rører publikum. Med i kvartetten er Gabriel Fliflet (trekkspel, song), David Chelsom Vogt (fele, song), Kristoffer Chelsom Vogt (kontrabass, song) og Jørgen Sandvik (gitar, song).

Gabriel Fliflet er vaksen opp med songar på svensk, finsk, norsk, tysk og andre språk. Han vart kåra til Årets folkemusiker 2011. Han er nærmast å rekna for husmusikant på Skjervheimseminaret, der han så ofte har stått for konserten laurdag kveld, med sin vitale musikk, som er prega av hans kjennskap til etnisk populærmusikk frå hans finske fødeland.

David Chelsom Vogt og **Jørgen Sandvik** har spelt saman frå dei var små. Best kjent er dei frå bandet Real Ones, som fekk *Bylarmprisen* 2007, *Spellemannsprisen* 2009 og 2013. Jørgen fekk også *Spellemannsprisen* for si soloplate i 2018.

Prislønte **Kristoffer Chelsom Vogt** deltar med storebror David i nyskapande *Kniv* og *Taffel Swingjazzorkester* og med Gabriel Fliflet mellom anna i hans og Jon Fosse sitt verk *Åresong*. Både Kristoffer Vogt og Jørgen Sandvik var sentrale i Fliflet sitt bestillingsverk til Vossajazz 2013 – *Valseria*, og hans prosjekt *Sanger fra byen* og *Sevje*.



Ellen Marie Selland Geithung er kvedar frå Vossestrand. Ho er utdanna instrumentalpedagog med akkordeon som hovudinstrument frå Noregs musikkhøgskule. Ho er organist i Oppheim og Vinje kyrkjer. Dessutan underviser ho i kveding, akkordeon og piano på Voss kulturskule. Hausten 2025 gav ho ut plata "Folkesongar frå Vossestrand". Det er fast tradisjon på Skjervheimseminaret at Ellen Marie syng «Strandasongen» søndag morgon.